

Vekeplan for 2. trinn

	Veke 37	
Demokrati og medborgarskap		

Mål veke 37

Norsk	Eg veit kva for nokre bokstavar som er vokalar: a,e,i,o,u,y,æ,ø,å
Matematikk	Eg kan dela eit tosifra tal i einarar og tiarar.
Engelsk	Eg kan seie namnet på forskjellige familiemedlemmar.
Samfunnsfag	Eg kan fortelje noko om stortingsvalget.
Livsmestring	Eg har evne til å takla situasjonar kor eg blir erta eller plaga.

Lekser veke 37

Til tysdag	Norsk: Les småboka di.
Til onsdag	Norsk: Les småboka di. Hugs: Lesemappa!
Til torsdag	Norsk: Salto: Les s 32-33.
Til fredag	Norsk: Øv på vokalane: a,e,i,o,u,y,æ,ø,å. Gjer oppg. 15, s 26 i Salto arbeidsbok. Matematikk: Multi øvebok s. 15. Hugs: Gymsko!



Timeplan veke 37

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1	Samling Matematikk	Samling Norsk	Samling Norsk	Samling Norsk	Livsmeistring Engelsk/Leik
2	Norsk	Matematikk	KRLE	Matematikk	Kroppsøving
3	Samfunnsfag	Norsk/ Bibliotek	Leik	K&H	Matematikk
4	Uteleik				
	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00



Informasjon til heimen

Foreldremøte: Det vert foreldremøte torsdag 11.sept kl. 17.00-18.00 i Aulaen i C-bygget.

Drikkeflaske: Vi ønsker at alle elevane har ei drikkeflaske på skulen. Hugs å merke den med namn. Dersom elevane har drikkeflaske i sekken må den vera tom, slik at det ikkje blir søl på skuleutstyret i sekken.

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokkar er ekstra viktig. I tillegg må dei ha innesko, regnklede og støvlar. Hugs å merke kleda!

Gymsko/innesko: Det vert gym kvar fredag i 2.time. Til gymtimane kan det vera greitt å ha ei t-skjorte under kleda. Ta med gymsko (joggesko), desse kan oppbevarast på skulen dersom elevane ikkje treng dei til noko anna. Inneskoa kan vera dei same som gymskoa.

Dersom ein elev ikkje har gymsko, kan han/ho ikkje vere med i timen.

Ta gjerne kontakt med oss dersom de lurar på noko: mail/telefon/Visma

Me ønsker alle ei fin veke.



Helsing Ann Jeanett, Emil, Ingrid, Lina, Oda Emilie, Tine, Torill og Trude.